

Skrog frå Tyrkia til Eidsvik, berekna slepetid 26 dagar

25.09.2008

Skroget til supply-skipet som Eidsvik Skipsbyggeri skal byggja for rederiet O.H. Meling skal etter planen forlata Tyrkia i dag torsdag. Det opplyste ordførar Synnøve Solbakken i kommunestyret i føremiddag. Ho hadde vore i kontakt med Eidsvik og hadde eit bestemt inntrykk av at den største verksemda i Uskedalen er i ferd med å få ting på plass att etter ein tung periode.

Ordføraren opplyste også at slepet frå Tyrkia til Noreg er berekna å ta 26 dagar. Med dette oppdraget tek Eidsvik steget inn i offshore-marknaden.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik håpar på at skroget skal vera ved kai i Uskedalen 20. oktober, men han innrømmer at slepet er 'veldig væravhengig. Då uskedalen.no hadde kontakt med han torsdag føremiddag var alle formalitetar i Tyrkia enno ikkje på plass men dei var i ferd med å bli det.

Eidsvik strekar under at sjølv om supplyskipet ikkje kjem til Uskedalen på nokre veker enno, er ingen av dei 57 tilsette permitterte og det vil dei heller ikkje bli.

Skroget skulle vore levert frå Tyrkia i juni.

Svein Arne Eidsvik har sagt til Kvinnheringen at skrogleveransar frå utlandet er ein risikosport og opplyst at Eidsvik på bakgrunn av tidlegare erfaringar ikkje kunne ta ansvaret for skroget som er bygd i Tyrkia.

Eidsvik har arbeidd med å finna ei løysing på dei økonomiske problema saman med reiarlaget O.H.Meling. Det er også inngått ei betalingsordning med dei fleste av underleverandørane som går ut på ettergjenvad av 25 prosent av fordringane og at 65 prosent blir omgjort til ansvarleg lån. Då vil dei få utbetalt 10 prosent innan utgangen av andre veka i oktober.

Av Ola Matti Mathisen